



VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I VAKSDAL KOMMUNE

§ 1. VERKEOMRÅDE

Vedtektene gjev reglar om kommunal skulefritidsordning (SFO) i Vaksdal kommune for 1. - 4. trinn, og for born med særskilte behov på 1.- 7. trinn.

§ 2. FØREMÅL

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1. - 4. årstrinn, og for born med særskilte behov på 1.- 7. årstrinn.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos borna. Skulefritidsordninga skal gi borna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma born skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for føremålet.

§ 3. EIGARTILHØVE

Vaksdal kommune er eigar av dei kommunale skulefritidsordningane.

§ 4. OPPTAKSMYNDE

Rådmannen er opptaksmynde. Mynde kan delegerast vidare til rektor ved den enkelte skule.

§ 5. OPPTAKSKRITERIUM

Alle born på 1. - 4. årstrinn og born med særskilte behov på 1. - 7.trinn, som er busett i Vaksdal kommune, har rett til SFO-plass ved skulen der borna har skuleplass.

Barn med særskilte behov er barn med varig nedsett funksjonsevne, som medfører omfattande og vedvarande behov for tilsyn før og etter skuletid. Sakkunnig dokumentasjon som skildrar barnet si nedsette funksjonsevne og tilsynsbehov vert vedlagt søknaden

Føresette må søkje om SFO-tilbod og søknadsfristen er 1. april. Det er høve til å søkje plass gjennom året.

Familiar med uteståande opphaldsbetaling frå kommunal barnehage eller SFO blir ikkje tildelt SFO-plass før tidlegare uteståande opphaldsbetaling for det aktuelle barnet er gjort opp.

§ 6. OPPTAKSPERIODE

Tildelt SFO-plass vert beholden til og med 4. trinn, eller til avtalen vert sagt opp av føresette.

Tildelt SFO-plass for barn med særskilte behov frå 5. - 7. trinn vert beholden til og med 7. trinn, eller til avtalen vert sagt opp av føresette.

§ 7. OPPHALDSTID

SFO-tilbodet består av følgande alternativ:

- a) Ordinær plass i 40 %, 50%, 60%, 80%, 100%.
- b) Ordinær plass i ein av prosentane ovanfor, i kombinasjon med enten utvida morgonplass, utvida ettermiddagplass, eller begge deler.
- c) Time- eller dagsplass (kjøp av enkelttimar/dagar).



Dagplass kan kjøpast av føresette til born med ordinær plass. I særskilde tilfelle kan føresette til barn utan SFO-plass søkje om dagsplass.

§ 8. OPNINGSTID

Dagleg opningstid er i tidsrommet kl. 07.30 – 16.00. Ved oppveksttun kan opningstida tilpassast opningstida til barnehagetilbodet.

For å få utvida tid må minst seks elevar på skulen søkje om dette. For oppvekstun er talet 4 eller 50 % av elevane.

- Utvida tid morgon er 30 min : kl. 07.00 - 16.00
- Utvida tid ettermiddag er 30 min: kl. 07.30 - 16.30
- Utvida tid morgon og ettermiddag er 60 min: kl. 07.00 – 16.30

SFO held open alle kvardagar med unntak av:

- Juli månad
- Minst frå og med 24. desember til og med 1. januar
- Måndag til onsdag før skjærtorsdag
- 5 planleggingsdagar

Årleg revidert skule-og barnehagerute gjer ei oversikt over dagane SFO er ope det aktuelle året.

Rådmannen kan i særlege tilfelle avgjerda å utvida opningstida med opptil 30 minutt, for å tilpasse drifta til omorganisering/nybyggperiodar/skyss og liknande.

§ 9. FORELDREBETALING

Kommunestyret fastset satsane for opphaldsbetaling for SFO kvart år. Betalingsfristen er den 20. i kvar månad forskotsvis.

I Vaksdal kommune har ein søskenmoderasjon. Søskenmoderasjonen for SFO gjeld òg når søsken har barnehagetilbod.

Det er betalingsfritak for barn med særskilte behov som har SFO tilbod på 5. - 7.trinn.

§ 9a. Redusert foreldrebetaling

Kommunestyret i Vaksdal har fastset reglar om redusert foreldrebetaling for hushald med låg inntekt. Ordninga skal tilby reduksjon i foreldrebetalinga, slik at den pr. barn utgjer maks seks prosent av samla brutto skattbar inntekt til hushaldet.

Føresette må sjølv søkje om redusert opphaldsbetaling.

§ 10. OPPSEIING OG ENDRING AV SFO-PLASS

Oppseiingsfristen er 2 månadar og vert rekna frå den 1. i månaden etter at oppseiinga er motteken. Oppseiingsfristen gjeld òg når føresette reduserer opphaldstida.

Dersom familien flyttar innanfor kommunen og barnet vert tildelt SFO-plass på ein annan skule i kommunen, skal dei ikkje betale for to SFO-plassar.

Ved manglande betaling vil dette verta sett på som oppseiing av plassen. Dette blir vurdert i kvart einskild høve.



§ 11. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

SFO disponera ute- og inneareal ved den enkelte skule/oppveksttun, som er eigna til føremålet. Areala skal vere godkjente etter forskrift om miljøretta helsevern i skule og barnehage.

§ 12. BEMANNING OG LEIING

Rektor er administrativ og fagleg leiar for SFO. Bemanninga i SFO kan bestå av SFO-leiar, fagarbeidarar og assistentar. Bemanninga ved den enkelte SFO skal tilpassast talet på barn, alder på borna og opphaldstid.

§ 13. TEIEPLIKT

Dei tilsette har teieplikt vedrørande alle personopplysningar dei i kraft av stillinga si vert kjend med.

§ 14. VEDTEKSENDRINGAR

Vaksdal kommunestyre kan gjere endringar i vedtektene. Administrasjonen har fullmakt til å gjere endringar som fylgje av statlege pålegg.